



**Velkommen til
Årdal Sjukeheim**

Til _____ og pårørende

Velkommen som bebuar på Årdal sjukeheim frå dato: _____

Årdal sjukeheim består av 1 avdeling + dagsenter:

1.etg består av 12 langtidsplassar og 2.etg består av 25 langtidsplassar og 2 avlastningsplassar.

Dagsenter for heimebuande demente har lokale i 1.etg og blir drifta av heimesjukepleia.

Produksjonskjøkken har lokale i 1.etg.

Pasientromma er ikkje møblert, så ein kan ta med noko personleg pynt og litt møblar, evt. eigen tv om ein ynskjer det. Det er tv på fellesstova.

Årdal sjukeheim har tilsynslege kvar veke. Me samarbeida og tett med fysioterapeut, ergoterapeut, tannlege, fotpleiar og frisør.

Måltider:

Frokost:	kl.09.00-10.00
Middag:	kl. 13.30-14.15
Middag helg:	kl.13.15-14.00
Kaffi'mat	kl.16.00-16.30
Kveldsmat:	kl.18.30- 19.30
Sein kveldsmat:	kl.21.30-22.00

Vårt mål er å leggja til rette for at kvar brukar skal oppleva tryggleik og livskvalitet i eit heimekoseleg, oversiktleg og roleg miljø. Me arbeider til ei kvar tid for at brukaren skal oppretthalde sitt funksjonsnivå og få heilskapleg omsorg og pleie. Brukarane har anledning til å ta del i eit sosialt miljø og aktivitetar ved sjukeheimen.

Årdal sjukeheim har ein sansehage, som er laga for alle som bur på Årdal sjukeheim. Her kan pårørende og ta med seg sine ut å sjå på ulike blomstertypar, bærbusker, frukttre, fontena osv. Ein kan og sitte på terrassen og slappe av, rusle seg ein rundtur eller kvile seg i gapahuken.

Vasking av kleda:

Kleda til pasientane blir vaska ved Sogn Vekst As. Kleda må vera godt merka med utdelt nummer som de får på sjukeheimen. Det er viktig at pasientane har rikeleg med kle da det kan ta litt over ei veke frå kleda blir kasta til vask, til vi får dei tilbake. Det er og viktig at kleda toler å bli vaska på 60 grader. Dersom pasientane har finare klede som må vaskast for hand, må pårørnde ta ansvar for å vaske dette.

Kvar brukar vil få utdelt ein primærkontakt. Denne skal vera pasienten og pårørnde sin næraste kontaktperson i høve spørsmål og praktiske gjeremål. Sekundærkontakt samarbeider med primærkontakt.

Din primærkontakt er: _____

Din sekundærkontakt er: _____

Tlf. nr. til sjukeheimen:

1.etg: 99 48 65 88

2.etg: 41 44 30 29 / 99 55 80 39

Tlf. nr. til fagsjukepleiar: 47 76 86 22

Tlf. nr til avdelingssjukepleiar: 47 46 94 03

e-post: inger.marie.grytbakk@ardal.kommune.no

Med venleg helsing
Inger Marie Grytbakk